



LÅVENDE SAKER 22

Bjørn Tomren / STAUT / Iren Reppen /
Arve Tellefsen & Kjetil Bjerkestrand /
Moddi / Svein Tindberg / Geirr Lystrup &
Orkester Innlandet / Baksia / Arild Skar /
Hillbabies, Odde & Wenaas / Randi Marie /
Bjørn Kleiven / Egil Skurdal, Odde & Thorud
/ Odd Arne Halaas / Ensemblet Traktor /
Landslinja i folkemusikk / Byting / Erlend
Viken Trio / Ørnulf Dykvam Juve / Dølalæte
/ Rolf Roys

*Mat, musikk, stemning og selskap til
å bli begeistra av – midt i
makelaase Gudbrandsdalen*



RUDI
www.rudigard.no

Velkome til gode opplevingar!



Foto: Merete Moen

Sjå for deg at det er sommarkveld, og varmt og godt i været. Marka er grøn og mange vil ut å treffast. Latteren sit laust. På grillen surrar godsaker frå Anni's Pølsemakeri, Peer Gynt mat og Dølakjøtt. I glaset er det Rudi-øl bryggja på eige kjøken, eller ein god smak av eple frå Lofthus Sideri. Praten og musikken går i tunet, og lokale stjerner og landskjende artistar leverer perler frå scena på Rudi Gard.

Når mange av våre beste artistar kjem til gards i løpet av sommaren og hausten, er vi stolte over å bidra til å gjera bygda og dalen litt meir attraktiv og levande. Og i det grøne skiftet er det god latin å tilby kortreiste kulturopplevingar av beste merke i ein levande dal.

Velkome til gode opplevingar på Rudi Gard sommaren og hausten 2022.

Helsing Nina og Øystein Rudi
– vertskap på Rudi Gard



Program 2022, dag for dag

Fre 29. april	Ensemblet TRAKTOR
Fre 6. mai	Folkemusikklinja på Vinstra og spelmannslag
Fre 3. juni	«Tett på» Trekkspelar og artigkar Odd Arne Halaas
Laur 4. juni	PostPest-Fest med BYTING
Laur 11. juni	Korps i kulturlandskap
Laur 6. aug	«Dølarockens festkveld», Baksia, Hillbabies og Arild Skar
Søn 7. aug	Oi – Lyden av Lystrup. Geirr Lystrup og Orkester Innlandet
Tys 9. aug	«Gudspartikkelen» med Svein Tindberg
Tors 11. aug	Iren Reppen med band
Tors 25. aug	Bjørn Tomren med band
Fre 26–27. aug	Spelmannstreff
Tors 8. sept	«Tett på» Bjørn Kåre Odde og Espen Wenaas
Laur 10. sept	STAUT
Tors 15. sept	MODDI
Søn 2. okt	Arve Tellefsen: Mitt spelmannsliv!
Tors 13. okt	«Tett på» Randi Marie med band
Fre 21. okt	«Tett på» Erlend Viken trio
Ons 9. nov	«Tett på» Ørnulf Dykvam Juve
Fre 11. nov	Gapskrattkveld med Bjørn Kleiven, Egil Skurdal og Odde & Thorud

Kom og opplev Rudi Gard!

Kom til Rudi i god tid. Parker bilen din på jordet vårt. Lat oss, eller ein taxi, køyre deg til Sødorp – bygda rett opp for Vinstra. Det tek om lag 10 minutt. Ta pilegrimsleia sørover, høgt over dalen med panoramautsikt. Reknar du 2,5 timar har du god tid til å nyte turen.

Attende på Rudi: Eit forfriskande glas i låvepøbben, før du går til bords i lag med gode venner og matopplevingar med lokal forankring. Aure frå Gålåvatnet, lam frå kulturlandskapet rundt garden og fjellet i Fron, grønsaker og urter frå Aukrust i Lom, skinke frå eigen gris som er salta og modna på stabburet i tunet, saftig entrecote frå den fenomenale disken til Anni Byskow i Ringebru og rømme frå Avdem på Lesja i sausen er eksempel på sommar-smakar på Rudi.

Eit godt måltid har vorte ein slager framfor forestillinger og konsertar på Rudi Gard. Menyen blir sett opp av kjøkensjefen berre nokre dagar før konsert. Det er alltid hovedrett og dessert. Og det kostar alltid kr 490,-. Slik kan vi få brukt dei beste råvarer som er tilgjengeleg til kvar tid gjennom sesongen.

Ting deg eit bord – du skal ikkje bli skuffa! Bordbestilling gjer du enklast ved å kjøpe dette som tilvalg hos Ticketmaster. Eller du kan sende ein e-post til oystein@rudigard.no

Velkome!



”Eit måltid på Rudi skal vera raust og smakfullt. Bygd på tradisjon, nyskaping og ferske norske kvalitetsråvarer frå dyktige produsentar omkring oss. Wenche Kvebu, kjøkensjef



Fredag 29. april

Kl 19.00

Ensemblet **TRAKTOR**

Traktor etablerte seg hausten 2011, med innovativ og leiken formidling. Så humørfylt er denne energifylte mixen av musikk og scenekunst at ryktet går langt ut over Opplandenes grenser.

«At en livskrise kan skildres så hysterisk morsomt, kan kanskje bare oppleves når Traktor har en finger med i spillet.» (HA)

Johannes Skyberg, bratsj
Nora Hannisdal, horn
Morten Kristiansen Jota, bassklarinet
John Ivar Knutzen, perkusjon
Kristin Fyrand Mikkelsen, piano
Gunnar Flagstad, piano

Billett kr 190,-
www.ticketmaster.no



”Ein kulturinstitusjon uttom det vanlege...
Odd Nordstoga – artist



Fredag 6. mai

Kl 19.00



Spelmannskveld

**Folkemusikklinja på Vinstra, og
spelmannslag frå Sør-Fron, Oppdal
og Lom**

Landslinja for folkemusikk på Vinstra er ein talentfabrikk heilt utanom det alminnelege. Ei rekkje av dei framifrå utøvarane som i dag er fremst på den norske folkemusikk-scena har vore elevar her. Vi har samarbeidd med Vinstra i ei årrekke – alltid like bra! Denne kvelden har Vinstra-ungdommen fått med seg både Sør-Fron, Oppdal og Lom spelemannslag som vil bidra både før og etter konserten.

Billett kr 200,- / 50,- under 18 år
www.ticketmaster.no

”Rudi Gard er eit godt eksempel på vern gjennom bruk.
Erik Lillebråten, direktør i Norsk Kulturarv

«Tett på»

Odd Arne Halaas

Odd Arne Halaas frå Eide på Nordmøre er artigkaren som blander gode historier med god trekkspelmusikk og song. Det er som å trykke på ein knapp, så røss det ut melodiar og tekster du sjeldan høyrer i dag, frå "Ønskekonsernten" på 50-tallet til svingande trekkspelerperler. Han har eit enormt repertoar av melodiar vi minnest, og humoristen rommer ein usannsynleg flora av sann og usann storlyging.

Billett kr 290,-
www.ticketmaster.no



”Sør-Frons bygda har bønder som skaper framtidstru.
Marita Aaneke – leiar i Sør-Fron Bondelag og ildsjel

«PostPest-Fest!»

BYTING

– *trubadur, trekkspel, servering og ståk!*

Bandet Byting frå Bø i Telemark er ein slager når vi skal treffast til fest og hygge. I det siste er dei mest kjende som musikarar til serien Rådebank.

Gudbrandsdalen bugnar av god mat, og det kan reserverast bord for middag frå kl 18.00. Utover kvelden blir det godsaker å få kjøpt frå grillen, det blir trubadur i tunet, fest med BYTING og hyggeleg samvær.

Kl 18.00 Middag (bordbestilling)

Kl 19.00 Ølsmaking med Olav Grjotheim, Lomb Bryggeri (bestilling)

Kl 20.00 Trubadur Nils Hauk Sande og trekkspelar Martin Brendemoen

Kl 21.00 Varm grill med Anni-pølser og Peer Gynt mat

Kl 21.30 Fest med BYTING

Billett kr 350,-
www.ticketmaster.no



Foto: Svein Finneide

”Rudi gard fortjener all mulig vind i seilene. For en iderikdom og for et pågangsmot. Jeg heier på dere!
Ellen Horn – skodespelar



Laurdag 11. juni

Kl 14.00 og kl 20.00

Korps i kulturlandskap

Denne helga er det storstemne i bygda i regi av Hundorp Musikklag. Korpsvenner frå fjern og nær dukkar opp, og på dagtid blir det konsertar omkring i bygda. Rudi er ein av arenaene, og det blir både konsert og ope kafe. På kvelden blir det middag, trivsel og musikk ved storbandet Fossajazz og svingande gammaldans med Fron Trekkspelklubb.

Billett kr 290,-

www.ticketmaster.no



”Verdiskaping og arbeidsplasser!

Kristin Saga – NHO Buskerud, Vestfold og Telemark



Laurdag 6. august

Kl 21.00, ope gard frå kl 18.00

Dølarockens festkveld!

Baksia, Hillbabies og Arild Skar med band

Dølarock er fellesarv med fanskare frå dei yngste til dei eldste. Med eit stort felles repertoar er det ikkje langt etter allsang og glede.

BAKSIA med unge solistar: Baksia har vore fast på Rudi i august i 20 år. No tek unge solistar plassen til nestor Trond Halle, og bandet, låtane og stemninga – det er den same!

Hillbabies: Inspirert av originalen frå Hallingdal er Hillbabies ein publikumsyndling!

Arild Skar med band: Arild har eit trufast publikum av både unge og godt vaksne. Han har vore ein del av musikkmiljøet i Gudbrandsdalen i nærare 40 år, og er ein av pionerane i dølarockmiljøet. Skar er stadig på scena, både som trubadur og med band og produserer nye songar på fronsdialekt.

Med eige band kjem han for å synge sine særeigne tekster om tida som var, gjerne i møte med den verda vi lever i dag. Draumane til «Urban døl», og klassikaren «Horten Hus» blir framført i ny versjon. Låter, så som «Slepp me te» og «Ongkar frå Lesja», har for vane å få allsangen til å ljome i veggane.

Billett kr 350,- Gratis konsert u/18 år

18 års aldersgrense etter kl 22.30

www.ticketmaster.no



”Ei satsing som aukar livskvaliteten for mange som ikkje kan ta T-banen og oppsøkje allskens kulturtilbod.

Rasmus Stauri – kulturprisvinnar og lokalhistorikar



Søndag 7. august

Kl 20.30, ope gard frå kl 18.00

Oi – lyden av Lystrup

Geirr Lystrup – i Gudbrandsdalen aller mest kjent som tekstsmed i gamaldanstakt. Geirr budde fleire år i Lom, og gav ut plata «Ha ti de» i lag med nokre av dalens beste spelemenn. Geirr er ein av våre mest allsidige visekunstnarar, og denne kvelden er det Orkester Innlandet som blir med på storslått feiring av Geirr sine 50 år som plateartist.

Billett kr 390,-

www.ticketmaster.no



”Rudi Gard har vært til inspirasjon for mange, som for eksempel oss på Solvane Gard!
Torstein Kollevåg – gründer



Tysdag 9. august

Kl 20.30, ope gard frå kl 18.00



Gudspartikkelen

Svein Tindberg og Kjetil Bang-Hansen er tilbake med nok en forestilling hvor de undrer seg over temaet om troen på noe større.

Tro og vitenskap blir ofte satt opp som motsetninger. Vitenskap bygger på fornuft, teorier og eksperimenter, mens tro bygger på myter, tradisjon, gamle hellige skrifter og dogmer. Men, når det kommer til stykket er det ikke sikkert motsetningene er slik. For når vi nærmer oss det ukjente, slik vi for eksempel gjør i partikkelfysikken eller i astrofysikken, så er det som om vitenskap og tro nærmer seg hverandre. Hva er egentlig forskjellen mellom fysikkens «big bang» og Guds «bli lys»? Er det ikke bare forskjellige måter å uttrykke seg på, en matematisk-fysisk teori og en fortelling?

Aftenposten – terningkast 6
«Gudbenådet om gudspartikkelen»

Dagsavisen – terningkast 5
«Forestillingens store styrke er Tindberg selv, som er en mester i formidling»

Vårt Land
«Svein Tindberg har en unik evne til å fortelle historier»

Billett kr 490,-
www.ticketmaster.no

Torsdag 11. august

Kl 20.30, ope gard frå kl 18.00



«Det e hardt å vera bitch»

Iren Reppen – skodespelar, songar, teatersjef og kunstnarleg ansvarleg for Peer Gynt på Gållå i ei årrekkje. For 26 år sidan skreiv Iren Reppen showet «Det e hardt å være mainn». Ei rekke erfaringar rikare har ho no kome fram til at «Det e hardt å være bitch».

Gjennom eigne tekstar og til musikk av Svein Gundersen, leiar Iren Reppen og bandet hennar publikum gjennom erfaringar og ambisjonar, håp og eit brennande ønske om å vere god nok.

For Iren Reppen fekk makt. Ho var den første kvinnelege teatersjefen ved Hålogaland Teater, Nord-Noregs største kulturinstitusjon. Ho har sett seg sjølv og teateret frå ulike sider. Kven er ein som menneske, og kven blir ein i rolla som sjef? Kva gjer makt og posisjon med ein? Det er ikkje alltid så enkelt å få auge på kor makta eigentleg ligg, og kva som driv eit menneske med makt. Er det så morosamt som alle vil ha det til? Og kva ventar eigentleg på maktas øvste topp?

Ein samproduksjon mellom Det Norske Teatret, Brageteatret, Hålogaland Teater og Iren Reppen.

Billett kr 450,-
www.ticketmaster.no

”Store, vakre, rørende, artige og gode opplevingar.
Bente Hemsing – kulturskulerektor i Valdres


Torsdag 25. august

Kl 20.30, ope gard frå kl 18.00

Bjørn Tomren med band

Bjørn imponerte hausten 2021 heile Noreg som den mest særegne artisten i den populære NRK-serien «Stjerneekamp», der han gjekk heilt til topps. Med unikt uttrykk og eineståande formidlingsevne vart han på kort tid folkeeie, omtalt som «den kuleste artisten i Stjerneekamp gjennom tidene». Bjørn Tomren er artist, låtskriver og vokalutøver fra Tomrefjord, og turnerer nå land to strand for fulle hus med sitt eminente band. Bjørn er tidlegare kjent frå blant anna jodle- og trekkspillduoen Polkabjørn & Kleine Heine. Bjørn er ein allsidig kar, han har også verdsrekorden i flest forseringar av Noreg på langs; i kajakk, til fots, på ski og i robåt.

Billett kr 490,-
www.ticketmaster.no



”For oss hyttefolket fra Nittedal er ikke dalen det samme uten dere...
Sissel Rydberg, hytteeier på Gållå



Fredag 26. – Laurdag 27. august

Kl 19.00



Spelmannstreff på Rudi

Vi inviterer til spel og dans, campingliv og natterangling – om du vil! Fredagskvelden blir det uformell spelmannspøbb i Rudilåven, laurdag formiddag konsert der alle som vil kan melde seg på. Og laurdagskvelden blir det dans til «skjorta står att på golvet tom», som Olav Aukrust så poetisk sa det.

Gammaldanspøbb fredag kveld:	Gratis
Konsert laurdag kl 14.00	kr 190,-
Dans laurdag kveld	kr 190,-
Samlebillet	kr 290,-
Camping på Rudijordet	kr 1000,- inkl strøm

www.ticketmaster.no



Torsdag 8. september

Kl 19.00

«Tett på»

Odde og Venaas duo

Duo-konsert med Bjørn Kåre Odde på fele og bratsj, og Espen Wensaas på gitar, cittern og mandola. Repertoaret er enkelt og greit flott musikk fra Gudbrandsdalen slik den kjem ut av instrumenta til to av våre beste unge musikarar.

Billett kr 290,-

www.ticketmaster.no





Hautfest med **STAUT**

STAUT på Rudi er ei enkel oppskrift på fest! Med fengande tekster, energi og speglede blir det alltid fest med STAUT. Vi hørde Staut i sluttscena i serien Rådebank, og gler oss stort til å høyre dei live igjen. Og når trubadur Nils Hauk Sande og trekkspelar Martin Brendemoen mønstrer på etter konserten vil festen ingen ende ta.

Billett kr 490,-
www.ticketmaster.no

”Et sted som har gitt utallige ungdommer uvurderlig ballast i form av opplæring i ledelse, salg og service, selvstendig tenking og problemløsning.

Birgitte Bay – dagleg leiar i Midt-Gudbrandsdal Næringsforening

MODDI

MODDI - krysser sjangrar, språk og landegrenser, og det er like sannsynleg at du finn han på ei festivalscene i Tunisia som i kantina på eit norsk smelteverk. I Norge er den lyslugga visesongaren mest kjent for vakre og melankolske songar som «Nordnorsk julesalme. I 2016 ga Moddi ut albumet «Unsongs», ei samling forbudte og sensurerte sanger frå heile verda. Med utretteleg driv og smittande engasjement er Moddi ein artist som alltid leverer minneverdige opplevingar, og som alltid har ei god historie på lur, åleine med gitaren eller i storslagent samspel.

Billett kr 390,-
www.ticketmaster.no





Søndag 2. oktober

Kl 19.00



Arve Tellefsen

Mitt spelmannsliv!

Heile Noreg sin Arve Tellefsen besøker igjen Gudbrandsdalen. Nærare ein nasjonalskatt kjem vi ikkje! Arve har trollbunde ei heil verd i over 60 år med fantastisk fiolinspel og sin folkelege og sjarmerande væremåte. Saman med sin gode ven og samarbeidspartnar pianisten Kjetil Bjerkestrand, vil Arve ta oss med på ei unik musikalsk reise frå si vidstrakte karriere, krydra med historier av det muntre slaget. Og kanskje kjem det overraskingar...

Medverkande: Arve Tellefsen og Kjetil Bjerkestrand med gjester.

I samarbeid med Gudbrandsdal Musikkfest.

Billett kr 490,-

www.ticketmaster.no



Torsdag 13. oktober

Kl 19.00

Randi Marie med band

Randi Marie er vokalist og låtskriver. Med varm stemme fortel ho historier fra dei mange sidene av livet. Tekstene er vekselvis på engelsk og gudbrandsdøl. Randi Marie gav ut albumet «Safe Place» i 2017, og fleire singlar dei siste åra. Med seg på scena har ho eit solid band, med gitarist Erik Granlien, bassist Pål Erik Jensen, trommeslager Kai Harald Skriubakken og Elisabeth Krohn Skriubakken på perkusjon. Saman skaper dei spennende uttrykk, frå sarte ballader til fengande country, pop, og rock.

Billett kr 250,-

www.ticketmaster.no



”Ein folkeleg plass i ordets beste betyding
Hans Sandviken – kulturentusiast, Vinstra



Fredag 21. oktober

Kl 19.00

«Tett på»

Erlend Viken trio

Erlend Viken er ein av dei aller fremste norske fele-spearane, og med seg på laget har han to ringrevar i musikkens teneste. Etter tre års dvale er trioen attende, og no med trادلåter. Med hardingfele, el-gitar og kontra-bass presenterer Erlend Viken Trio folkemusikk med inspirasjon fra improvisasjonsmusikk, rock og ørkenblues. Trioen har gjennom sine energiske liveforestillinger skaffa seg fans på tvers av sjangergrensene.

«Dette er musikk som treffer deg uansett om du er tilhenger av folkemusikk, rock eller blues.» Adresseavisen

Erlend Viken - Fele og hardingfele

Marius Graff - Elgitar og banjo

Sondre Meisfjord - Kontrabass

Billett kr 250,-

www.ticketmaster.no



”Et kulturtilbud som bidrar til både stolhet og inspirasjon, bolyst og reiselyst.

Ove Gjesdal – dagleg leiar Visit Lillehammer



Onsdag 9. november

Kl 19.00



«Tett på»

Ørnulf Dykvam Juve

Ørnulf er tekst- og låtskrivar i bandet STAUT. Då to år med turnéliv måtte avlysast vart det tid til å gjera andre ting. Den tida har Ørnulf fylt ved å skrive historier med eit skråblikk på levd liv, og det som måtte koma. Kanskje er det lyrikk, kanskje er det forteljingar og kanskje er det ingen av delane. Lyttaren får bestemme sjølv, når Ørnulf tek oss med på ein rundtur i sitt eige hovud og hjarta.

Vi får høyre han lesa eigne dikt, og spele nokre STAUT-låtar, slik dei høyrst ut før dei blir tekne med til bandet.

Billett kr 250,-

www.ticketmaster.no

”Finst ikkje maken til kulturhus, og det finst ikkje maken til vertskap!

Aasmund Nordstoga – artist og bonde, Vinje i Telemark



Fredag 11. november

Kl 19.00



Tullprat og råspeling!

*Bjørn Kleiven, Egil Skurdal,
Odde & Thorud*

Å dele ein god latter går aldri av moten! Bjørn Kleiven har herja dalen med humor av kaliber i fleire tiår, og Egil Skurdal, med aner på Fron, har vi sett stadig oftare i TV-ruta dei siste åra. Og når hoffspelemenn Odde og Thorud legg til med godlåt er det berre å gle seg.

Billett kr 690,- inkludert middag
www.ticketmaster.no



Overnatting på Rudi Gard

Tilreisende artistar bur på Rudi Gard. Ved enkelte arrangement kan vi ha kapasitet til nokre gjester i tillegg, samt at vi leiger ut setra som ligg like ved Gålåvatnet.

Det er mange gode overnattingstilbod i ulike kategoriar i nærområdet, og Visit Lillehammer og Nasjonalparkriket Reiseliv har oversikt over desse på www.lillehammer.com og www.nasjonalparkriket.no



Billetter


www.ticketmaster.no
tlf 815 33 133

www.rudigard.no
tlf 913 85 388



ticketmaster®

Til større forestillinger er det nummererte plassar i Rudilåven, og du kan sikre deg kreplass ved å vera tidleg ute. Billetter blir seld ved inngangen så lenge det er plass. Med atterhald om programendringar.



Vegen til Rudi Gard

Rudi gard ligg langs Gudbrandsdalsvegen (gamle E6), 70 km nord for Lillehammer.

Frå sør: Ta av E6 i nordenden av Fryasletta.

Følg Gudbrandsdalsvegen til vegskilt «Rudi Gard».

Frå nord: Ta av nye E6 ved Harpefoss. Følg fylkesveg over Lågen og ta Gudbrandsdalsvegen sørover til vegskilt «Rudi Gard».

Koordinater: N 68 27 190 Ø 54 82 00
N 61,57571 Ø 9,90769

RUDI

www.rudigard.no

oystein@rudigard.no Mob 913 85 388

Rudivegen 40, 2647 Sør-fron